

# Hjartdal kommune

<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknummer</b>	<b>Sakshandsamar</b>
Formannskapet	07.10.2013	068/13	BR

<b>Saksansvarleg:</b> Bjørn Rugaas	<b>Arkiv:</b> K1-040, K2-	<b>Arkivnr.:</b> 13/1773
------------------------------------	------------------------------	--------------------------

## LOVFESTING AV MEDVERKNADSORDNING FOR UNGDOM - HØYRING

### Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	21.08.2013	Det kgl. Kommunal- og regionaldepartementet	LOVFESTING AV MEDVIRKNINGSORDNING FOR UNGDOM - HØYRING

### Vedlagde dokument:

Dokument nr. 1

### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Formannskapet er kommunen sin høyringsinstans

### Saksgang:

Formannskapet vedtek

### Bakgrunn for saka:

Det Kongelige Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) har sendt ut høyringsnotat vedrørende lovfesting av medverknadsordning for ungdom. Notatet føreslår ikkje konkret lovfesting, men bed om synspunkt frå høyringsinstansane om kva erfaringar ein har med ungdomsmedverknad, og kva innhald ein eventuell lovfesting bør innehalde. KRD skisserar nokre konkrete problemstillingar som det ønskjast synspunkt på. Høyringsfristen er 25.11.2013.

Bakgrunn for høyringsnotatet er *NOU 2011:20, Ungdom, makt og medvirkning*. I denne kjem utvalet med framlegg om at det skal etablerast nasjonale, lovfaste retningslinjer for kommunale ungdomsråd eller liknande organ. Eit mindretal i utvalet ønskjer ei lovfesta ordning, eit synspunkt som regjeringa vel å gå inn for. Det samla utvalet peikar på behovet for å formalisere lokale innflytelsesorgan for ungdom, men peikar også på utfordringa ved at noverande ordningar har uklare mandat.

Departementet sitt ønskje med høyringa er å hente inn erfaringar og synspunkt som bakgrunn for å utarbeide eit harmonisert regelverk for medverknadsordningar samstundes med å lovfeste unge sin medverknadsrett.

Dagens ulike medverknadsorgan, både lovpålagte (råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne ) og ulovfesta (t.d. ungdomsråd) er å sjå på som rådgjevande organ som skal uttale seg om særlege brukargrupper ovanfor kommunen/fylkeskommunen. Kommunen kan sjølv vurdere om desse organa skal ha talerett i ordinære kommunale organ.

Når det gjeld nytt sentralt regelverk skisserar KRD to alternative løysingar:

*Alt a:*

Ein eigen generell bestemmelse i lova av 25. september 1992 nr 107 - Kommunelova - om særlege medverknadsorgan, men som pålegg kommunane å ha slike ordningar for unge, eldre og personar med nedsett funksjonsevne. Detaljregelverk tilpassa dei einskilde ordningane kan fastsetjast i forskrift.

*Alt b:*

Ei eiga felles særlov om særlege medverknadsordningar der alle ordningane lovfestast

Både alternativa legg opp til at KRD overtek forvaltningsansvaret for regelverket.

KRD ønskjer som nemnt over attendemelding på nokre konkrete problemstillingar når det gjeld ungdoms medverknad:

1. Om ungdomsråda eller liknande organ skal få avgjerdsmynde, framleggs- og/eller tilrådingsrett, er dette organet eit medverknadsorgan eller eit kommunalt organ?  
Korleis harmonerer i så fall dette med at ungdom som ikkje er direkte vald kan få like sterke rettar som ordinært valde kommunestyrerepresentantar?
2. Medverknadsordninga for eldre og personar med nedsett funksjonsevne skal ta stilling til saker av særleg interesse for desse gruppene. Skal eit formalisert ungdomsråd e.l. ha den samme avgrensinga, eller skal dei stå fritt til å uttale seg om alle kommunale saker?
3. råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne har krav på å få dei aktuelle sakene førelagt seg i god tid før politisk handsaming, men er berre rådgjevande organ utan formell mynde eller forslagsrett for folkevalde organ.  
Skal eit medverknadsorgan for ungdom få sterkare posisjon i kommunal saksgang enn råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne har?  
Skal lovfesting av medverknadsordning for ungdom legge opp til at desse tilleggast formell avgjerdsmynde?  
Skal det leggast opp til at medverknadsordning for ungdom får framleggs- og tilrådingsrett, og i så fall ovanfor kva kommunale organ?

KRD ønskjer i tillegg å få synspunkt på desse problemstillingane:

Utvalskriterier - korleis rekrutterer ungdom til medverknadsordning

Valordning - bør sikre representasjon frå både ungdomsskule og eldre ungdom

Aldersspenn - I NOU 2011:20 meiner utvalet at aktuell aldersspenn bør vere frå start i ungdomsskulen til ei øvre grense på 18 år.

Notatet kjem avslutningsvis inn på problemstillinga knytt til behov for samtykke frå føresette når ungdom under 18 veljast inn i ungdomsråd. Her syner KRD til Barnelova § 33, som skal sikre barn aukande sjølvråderett med alderen. Spørsmål om den unge kan påta seg tillitsoppgåver på

eiga hand kan tenkast løyst etter Barnelova

### **Vurdering:**

Hjartdal kommune har pr idag ikkje etablert ungdomsråd eller liknande medverknadsordning for målgruppa. Ca 2000 forsøkte kommunen å lage ei slik ordning som eit forsøk over om lag to år. Erfaringar frå dette kan i nokon grad vere med på å bidra når rådmannen skal gje sine vurderingar av KRD sine spørsmålsstillingar.

Det er mest dei konstitusjonelle sidene i saka KRD ønskjer uttale om. Sentralt i vurderinga er om det er tilhøve som gjer at unge bør vurderast annleis enn dei som i dag har ei medverknadsordning.

Generelt ser rådmannen politisk aktivitet som ein grunnleggjande positiv drivkraft i samfunnet. Å gje ungdom høve til aktiv deltaking er sentralt. Eit samfunn som blir meir og meir samansett har også aukande behov for at innbyggjarane har kunnskap om sine demokratiske rettar og om korleis samfunnet fungerer. Ei medverknadsordning for denne målgruppa vil kunne vere eit bidrag til å vitalisere innbyggjardialogen og komplettere innhaldet i barnetalspersonordninga.

Rådmannen ser det som eit viktig prinsipp at eit råd som skal representere ei definert gruppe av innbyggjarane likestillast med andre grupper, til dømes eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Difor skal ikkje eit ungdomsråd ha annan avgjerdsmynde, framleggs- og/eller tilrådingsrett.

KRD peikar på omgrepet *..saker av særleg interesse for desse gruppene..* , og spør om samme avgrensinga skal gjelde for ungdomsråd.

Ut frå det samme likskapsprinsippet meiner rådmannen at avgrensinga skal gjelde også eit ungdomsråd. Rådmannen vil likevel peike på behovet for tilpassing, og at ein i tolkinga av *...særleg interesse..* famnar vidt.

Rådmannen ser det som naturleg at likskapsprinsippet leggjast til grunn for å beskrive den posisjonen i kommunal saksgang eit råd for ungdom skal ha.

Når kommunen skal praktisere medverknadsordning for ungdom meiner likevel rådmannen at gruppa skal ha særleg tilrettelegging. Eksisterande rådsorgan som råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne er vanlegvis sett saman av vaksne, ofte godt vaksne, med kunnskap om samfunn og organisasjonsliv. Når det gjeld ungdom kan vårt ønskje om interesse for politikk og samfunnsutvikling lett drukne i konkurranse med andre interesseområde, sjølv om vi lokalt også har døme på fleire unge som har kome langt i ein politisk karriere. Rådmannen meiner difor at eit lovregime som regulerar medverknadsordning for unge også bør seie noko om at kommunen skal bidra til hensiktsmessig drift av ordninga, med opning for at løysinga på ei slik kommunal oppgåve kan ha lokal utforming. Til dømes stiller kommunen til rådvelde sekretær for dei andre råda; når det gjeld ungdomsråd bør det vurderast kva bistand frå kommunen som vil vere hensiktsmessig.

KRD ønskjer også synspunkt knytt til utvalskriteria, valordning og alderspenn.

Sett frå lokal synsstad ser rådmannen det som rett at råd for ungdom veljast på same måte som andre råd, ut frå dei i befolkninga som fyller mellom 13 og 18 år i valåret, av kommunestyret etter kandidatframlegg frå elevrådet i ungdomsskulen, ungdomsklubben og frivillige

organisasjonar med overvekt av medlemmer i målgruppa. Det er også naturleg at dei politiske partia er ein aktør i utveljingsprosessen.

Aldersgruppa 16 - 18 er ute av kommunen sine skular, og dermed vanskelegare tilgjengelege i ein nominasjonsprosess, men er generelt lette å nå med tastetrykk. Kommunen bør ha kapasitet til å følgje opp den samla målgruppa, til dømes via nett. Skal ein sikre best mogleg at rådsetablering for unge lukkast må det leggjast til rette og arbeidast med. Ei kommunal sekretærrolle vil difor ha karakter av ny oppgåve, og det er ein føresetnad at det avklarast, gjerne frå regjeringa si side, korleis dette skal løysast økonomisk.

Rådmannen er samd i framlegget om to års valperiode.

#### **RÅDMANNEN TILRÅR:**

1. Hjartdal kommune meiner at ein eventuell lovfesting av medverknadsordning for ungdom bør vere utforma på same måte som medverknadsordninga for eldre og menneskje med nedsett funksjonsevne i form av eit ungdomsråd med uttalerett til kommunale organ.
2. Eit ungdomsråd bør ha som oppgåve å uttale seg om saker som er av særskild interesse for ungdom, men ei avgrensing må praktiserast fleksibelt.
3. Hjartdal kommune meiner at medverknadsordninga bør gjelde for ungdom i ungdomsskulen og vidaregåande skule. Kriteria og valordning må vere tilpassa lokale tilhøve.
4. Hjartdal kommune ser at ei medverknadsordning for ungdom vil krevje meir tilrettelegging og oppfølging enn andre medverknadsordningar. Hjartdal kommune føresett derfor at kommunen sine meirutgifter blir kompensert fullt ut.

#### **07.10.2013 Formannskapet**

##### **Handsaming:**

##### **VOTERING:**

Rådmannen si tilråding blei samrøystes vedteke.

#### **FOR-068/13 VEDTAK:**

1. Hjartdal kommune meiner at ein eventuell lovfesting av medverknadsordning for ungdom bør vere utforma på same måte som medverknadsordninga for eldre og menneskje med nedsett funksjonsevne i form av eit ungdomsråd med uttalerett til kommunale organ.
2. Eit ungdomsråd bør ha som oppgåve å uttale seg om saker som er av særskild interesse for ungdom, men ei avgrensing må praktiserast fleksibelt.
3. Hjartdal kommune meiner at medverknadsordninga bør gjelde for ungdom i ungdomsskulen og vidaregåande skule. Kriteria og valordning må vere tilpassa lokale tilhøve.
4. Hjartdal kommune ser at ei medverknadsordning for ungdom vil krevje meir tilrettelegging og oppfølging enn andre medverknadsordningar. Hjartdal kommune føresett derfor at kommunen sine meirutgifter blir kompensert fullt ut.

Rett utskrift: 08.10.13

*J. Landsverk*  
Ingebjørg Landsverk  
Kons.